

Møte i Samarbeidsutvalet for Nordhordland

Referat

Møtetid	Fredag 11.mars kl. 11.30 – 14.30
Stad	Helsehuset, Knarvik
Til stades	Oddvin Neset(Masfjorden), Geir Lien (HB), Terese Folgerø (Alver), Bente Orlèn Westervik (Brukarutvalet HB),,, Tonje Husum Aarland(vara Modalen), Evi Knutsen (Brukarutvalet HDS), Grete Lill Hjartnes (vara HB), Rebekka Ljosland (HDS), Ingebjørg Søreide (Gulen), Silje Fanebust(NSF), Elena Sandgathe (SSe), Anne Kvalheim(SSe) og Anne Hildegunn Færøy (SSe).
Ikkje møtt	Randi-Luise Møgster (HB), Odd Arild Ågedal (Fedje), Nina Kvamme (Osterøy) og Jarle Gallefoss (Austrheim) Leni Dale (Alver), Kjerstin Fyllingen (HDS), Grethe Fosse (Modalen) og Liv Berit Haukås (Fagforbundet),
Møteleiar	Oddvin Neset(Masfjorden)
Referent	Anne Hildegunn Færøy (SSe) og Elena Sandgathe (SSe)

Saksnr.	Saker
01/22	<p>Godkjenning av innkalling og saksliste</p> <p>Vedtak:</p> <p>Innkalling og saksliste godkjent utan merknader</p>
02/22	<p>Formell godkjenning av referat fra møte 10.desember 2021</p> <p>Vedtak:</p> <p>Referat fra SU-møte 10.desember 2021 er formelt godkjent utan merknader.</p>
03/22	<p>Covid 19 – orientering frå koordineringsgruppa</p> <p>Terese Folgerø orienterte frå koordineringsgruppa sitt arbeid.</p> <ul style="list-style-type: none"> - godt samarbeid i gruppa. - kommunane er i ein ny fase i pandemien. M.a. er det fleire kommunar som avviklar PCR-testing som ein del av diagnostikken. - det er stilt spørsmål ved om koordineringsgruppa kan handtere andre utfordringar og kriser som oppstår på tvers av kommune og sjukehus. Til dømes ser ein behov for ei slik koordineringsgruppe når det gjeld spørsmål relatert til mottak av ukrainske flyktningar med covid-testing, vaksinering, rtg. undersøkingar m.v. Det vert vurdert slik at denne gruppa kan vere ein godt egna arena for å drøfte ulike løysningar på tvers. <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for NH takkar for orienteringa og det gode arbeidet som pandemi-koordineringsgruppa gjer.</p>
04/22	<p>Handlingsplan 2022</p> <p>Samarbeidsutvalet fekk presentert forslag til Handlingsplan for 2022, med status for oppfølging av nokre av tiltaka.</p> <p>Merknad til punkt i planen</p> <p>Punkt 1.1 Samarbeid om handtering av pandemiar</p> <p>Som det står i tiltakspunktet skal det gjennomførast ei evaluering av korleis <i>avtalen om samarbeid ved pandemisk influensa</i> og koordineringsgruppa har fungert i den pandemiske situasjonen. Dette kjem som sak i neste SU-møte.</p> <p>Punkt 2.2 Retningsliner for lege til lege-samarbeidet</p> <p>Det vart minna om at det er viktig å forankre retningsliner for lege til lege samarbeidet i alle ledd, og at det må sikrast at fastleggar og legar i sjukehusa er kjent med retningslina slik at den blir brukt.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til Handlingsplan for 2022. Samarbeidsutvalet ber SSE saman med aktuelle parter sørja for oppfølging av handlingsplanen.</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland tek status for handlingsplanen 2022 til orientering.</p>

05/22	<p>Revisjon av Tenesteavtale 10 – samarbeid om førebygging.</p> <p>Geir Lien, spesialrådgjevar i HB og leiar av arbeidsgruppa presenterte forslag til revidert versjon av <i>Tenesteavtale 10 – samarbeid om førebygging</i>.</p> <p>Presentasjon med bakgrunn, mandat, prosess og kva som er endra i revidert versjon av avtalen er lagt ved referatet.</p> <p>Til oppfølging:</p> <ul style="list-style-type: none">• Avtalen vert sendt til partane for handsaming og signering, med svarfrist 15. juni.• Partane må gje avtalen kjent i eigen organisasjon• Implementering av avtalen kan og skje gjennom arbeid med helsefellesskap <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til forslag til revidert avtale og tilrår at avtalen vert sendt til handsaming og signering hos partane.</p>
06/22	<p>Felles retningslinjer for samhandling om ernæringsstatus og ernæringsoppfølging</p> <p>Elena Sandgathe, rådgjevar HDS gav ei god statusmelding frå arbeidsgruppa som har fått i oppdrag å utarbeide forslag til felles retningsliner.</p> <p>Presentasjon av oppdraget, status for arbeidet og plan for vidare prosess med «småskala-testing », innspelsrunde, handsaming i SUa og implementering hos partane er lagt ved.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa og støttar framdriftsplanen som er presentert.</p>
07/22	<p>Digital samhandling</p> <p>Saka utsett til neste møte sidan innleiar ikkje kunne stille.</p>
08/22	<p>Etablering av Helsefellesskap</p> <p>Møteleiar orienterte om saka og viste til revidert framdriftsplan for etablering av helsefellesskap i Helse Bergen sitt føretaksområde. Endringar er gjort med bakgrunn i at Toppleiarmøte 2022 er utsett til 6.april. Sidan samarbeidsutvala ikkje har nytt møte før i mai/juni vil utsetjinga påverka sluttprosessen slik SUa tidlegare har vedtatt.</p> <p>Det vart vidare peika på at dersom ein skal nå målet om endeleg handsaming av revidert overordna samarbeidsavtale <u>før sommaren 2022</u>, må det planleggast for ein annan prosess og det vert derfor tilrådd at arbeidsgruppa for helsefellesskapet få utvida mynde frå samarbeidsutvala/-rådet til å godkjenne det endelege avtaleutkastet (etter Toppleiarmøtet) før det vert sendt til handsaming hos avtalepartane.</p> <p>Møteleiar viste til at det vert lagt opp til involvering av partane gjennom ein felles innspelsrunde som startar måndag 14. mars.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland tek saka til orientering og gjev arbeidsgruppa mandat til å godkjenne endeleg avtaleutkast før det vert sendt ut til partane for handsaming og signering.</p>
09/22	<p>Innspel til ny Nasjonal helse og sjukehusplan 2024 – 2027</p> <p>Utvalet fekk presentert ei samanstilling av innspel som har komme frå kommunar og spesialisthelsetenesta, og som dannar grunnlag for felles innspel til planen. Kommunane i Nordhordland har ikkje utarbeidd innspel til denne planen, og ber om at kommunane sine innspel til Helse Bergen sin utviklingsplan vert vurdert og eventuelt lagt ved innspela til Nasjonal helse og sjukehusplan.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa og ber om at kommunane sine innspel til Helse Bergen sin utviklingsplan vert vurdert inn i felles innspel til Nasjonal helse og sjukehusplan.</p>

10/22	<p>Utviklingsplan 2035, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus Frode Wikne, spesialkonsulent ved NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus presenterte sjukehuset sin <i>Utviklingsplan 2035</i>. Presentasjon med bakgrunn, analysegrunnlag, vegvalg og tiltak er lagt ved. Frist for å komme med innspel til planen var sett til 18.mars.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet takkar Frode Wikne for ein god gjennomgang og presentasjon av utviklingsplanen.</p>
11/22	<p>Utviklingsplan 2022-2035 for Haraldsplass Diakonale sykehus (HDS) Rebekka Ljosland, strategi- og samhandlingsdirektør ved HDS gav ei god orientering og presenterte hovudtrekka i HDS sin utviklingsplan 2022 – 2035. Planen finn du i si heilheit på nettsida: https://www.haraldsplass.no/om-haraldsplass/om-haraldsplass/utviklingsplan-2022-2035</p> <p>Frist for å gje innspel til planen er sett til 29.mars. Presentasjon med utviklingstrekk, strategiske satsingsområde og mål for satsinga er lagt ved</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet takkar Rebekka Ljosland for ein god gjennomgang og presentasjon av HDS sin utviklingsplan.</p>
12/22	<p>Prosjekt Pasientens helsetjeneste i et helsefellesskap Innleiar melde forfall og sakar gjekk ut. Orientering om prosjektet kan finnast på Stimulab-dagen 2022 - YouTube (presentasjon av prosjektet startar etter 39:30 minutt)</p>
13/22	<p>Omstrukturering av det regionale palliative tilbuddet – prosess, konsekvenser og involvering Åse Nordstrønen, klinikkdir. HDS og Geir Andvik, ass. klinikkdir. HB orienterte om endringar i organiseringa av det regionale palliative tilbodet i Helse Bergen sitt opptaksområde, med endringar i funksjonsfordelinga mellom HDS og HB når det gjeld palliativ behandling. Mellom anna vert det gjennomført ei verksemどsoverdraging og Palliativ sengepost med regional funksjon vert flytta frå HDS til HB, med verknad frå 1. mars 2022. HDS opprettheld lokalsjukehusfunksjonen i palliasjon for sin sektor. Omstruktureringa medfører at ein samlar store delar av den faglege kompetansen innan spesialisert palliasjon ved sjukehusa i Bergen i ei organisatorisk eining, og i eitt felles fagmiljø i HB.</p> <p>Presentasjon med prosess, konsekvensar og involvering med rutinar for tilvising til <u>Palliativ sengepost HB</u> og til <u>Sunniva palliativt team HDS</u> er lagt ved.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa og ønskjer lykke til med omstruktureringa.</p>
14/22	<p>ParkinsonNet Grete-Lill Hjartnes, seksjonsleiar HB gav ei kort orientering om etablering av ParkinsonNet og invitasjon til ParkinsonNet grunnkurs Vestland 2022, den 6. og 7 april. Informasjon om nettverket og invitasjon til å melde seg på kurset er sendt til postmottak i kommunane.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet takkar for orienteringa og tar den til vitande.</p>

15/22	<p>Orientering frå partane:</p> <p>Kommunane:</p> <p>1. Legevakt og ØHD:</p> <p>Terese Folgerø, kommuneoverlege i Alver orienterte om at kommunen har sagt opp gjeldande vertskommuneavtale ØHD-sengeposten i helsehuset. Dette er eit interkommunalt samarbeid, der Alver kommune er vertskommune, og samarbeidet er regulert gjennom ein vertskommuneavtale. Lav beleggsprosent og høge kostnader med drifta er lagt til grunn for oppseilinga, som trer i kraft frå 01.01.2023.</p> <p>Dette inneber at den enkelte kommune sjølv må sikre eit ØHD tilbod i eigen kommune eller i samarbeid med andre.</p> <p>Vidare vart det orientert om at også avtalen om felles interkommunal legevakt er sagt opp. Dette er grunna behov for å revidere og endre gjeldande vertskommuneavtale. Det er behov for ein gjennomgang av korleis legevaka skal drivast for framtida og det er ønske om å sjå til andre kommunar og korleis dei driv legevaktteneste. Det er etablert eit eige prosjekt for dette med oppstart 21. april. Det er planar om å involvere samarbeidspartane i arbeidet.</p> <p>SU NH takkar for orienteringa og ber om å bli halden orientert om endringar i ØHD tilbodet og samarbeidet om legevakttenesta i Nordhordland.</p> <p>2. Digital samkonsultasjon:</p> <p>Oddvin Nesi og Anne Hildegunn Færøy gav ei kort orientering om prosjekt <i>Digital samkonsultasjon - metode og verktøy for å betra samhandlinga og tilbod om helsetenester nærmare der pasienten bur</i>. Eit samarbeidsprosjekt mellom kommunale helse og omsorgstenester, E-helse Vestland og spesialisthelsetenesta 2022 – 2024. Prosjektet har fått kr. 400 000 i fornyingsmidlar frå Statsforvaltaren i Vestland. Presentasjon med meir informasjon om prosjektet er lagt ved.</p> <p>Helse Bergen HF hadde fleire saker dei ville orientere om. Sidan det ikkje var tid til å ta desse i møtet er det lagt ved informasjon om desse sakene i eige dokument.</p> <ol style="list-style-type: none">Endringar i forfattarrolle av Pleie- og omsorgs meldingane frå Helse Bergen HFHeroinassistert behandlingInnspelskonferanse psykisk helse - barn og unge - 9. mai, kl. 10-14.Digital Helse-dagar konferanse - 1.-2. juni i Bergen. Medlemmane i samarbeidsutvalet vert oppmoda til å mælda seg på. Informasjon om samlinga finn du på https://alrehelseklynge.no/arrangementer/digital-helse-dager/ <p>HDS:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Har arbeidd med fokus på utviklingsplan 20352. Planlegging av mottak og oppfølging av flyktningar frå Ukraina.
16/22	<p>Referat frå underutval:</p> <ul style="list-style-type: none">- DPS-rådet for NH, møte 03.desember 2021- Medisinsk fagleg utval(MFU), møte 24.01.2022 <p>Vedtak:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland tar referata til orientering.</p>
17/22	<p>Eventuelt</p> <p>Ingen saker meldt</p>